

3

ØVING \ TRAKASSERING



FORKLARING:

1. Undervisaren introduserer temaet.
2. Undervisaren deler ut teksten og arbeidsark med casar.
3. Elevane jobbar saman to og to eller i små grupper med å vurdere om handlingane som skjer i casane, er *greitt*, *ikkje greitt* eller *ulovleg*. Undervisaren tar tida under øvinga, og når tida er ute, kjem elevane med «dommen» sin.
4. Undervisaren leier samtalen etter at elevane har gitt sin dom, og kjem med fasiten.

CASE 1

Birger er toppidrettsutøvar i paralympics. No har han begynt å konkurrere i symjing, og avisene er blitt interesserte i prestasjonane hans. Han dukkar opp på fleire framsider, og artiklane blir delte i sosiale medium. I kommentarfelta er det massevis av positive kommentarar, som er svært hyggelege å lese. Men det dukkar også opp hatefulle kommentarar, slike som: «Kvifor gidde å lage ei sak om dette? Nei, fysj, kven vil vel sjå funksjonshemma plaske rundt i eit basseng?»

CASE 2

Jonas opplever at mange av gutane i klassen slengjer ord som «homo» og «gay» etter han når han går forbi. Det er openert at dei bruker det som skjellsord. Han synest det er svært ubehageleg, og har begynt å gru seg til å gå på skolen.

CASE 3

Kari jobbar som industrimekanikar i ei stor bedrift. Ein dag står Kari og utfører arbeid på ei kran, og ein kunde, Tom, kjem bak henne og legg hendene sine på ryggen hennar under genseren. Kari blir svært overraska, og forlèt situasjonen utan å seie noko. Seinare er Kari på veg ut av pauserommet, og Tom blokkerer vegen og strekkjer ut handa si og lèt som han vil ta seg i skrittet. Kari blir rasande og ber Tom om å «dra til helvete».

CASE 4

Johanne er på revyfest med jentegjengen sin. Det er tett på dansegolvet, og mykje knuffing fram og tilbake dansesirkelen ho er i. Plutseleg kjenner ho ei handstryke henne over korsryggen. Ho prøver å flytte seg, men klarer ikkje å snu seg rundt for å sjå kven det er som tar

på henne. Ho synest det er ubehageleg at ein framand person tar seg til på kroppen hennar.

CASE 5

Kristian har ein pappa frå Brasil, og har brukt lang tid på å lære seg portugisisk. I prosessen har han også begynt å skrive musikk på portugisisk, og han viser fram musikken sin på TikTok. Plutseleg går ein av videoane hans viralt, og han opplever å få mange kommentarar, ein av dei lyder som følgjer: «Kom deg heim dit du kjem frå, din apekatt.» Kristian blir svært fortvila og vil aller helst berre slette heile kontoen.

CASE 6

Pia går i vg1. Ein torsdag er ho åleine på kveldsvakt på Rema 1000. I kassen kjem ein gutegjeng, som alle går i vg3. Pia hadde sex med ein av dei førre helg, men har ikkje snakka med han sidan. Gjengen samlar seg rundt kassa med varene dei skal kjøpe, og ein av gutane slengjer ut følgjande kommentar: «Skjønar ikkje at du gadd å ta henne, ho er jo ein trear.» Alle gutane ler, mens Pia slår inn varene deira og får tårer i auga.

CASE 7

Noor trener basket på høgt nivå. Det siste halvåret har assistenttrenaren sendt henne mange meldingar, og ein fredag spør han om ho vil kome heim til han og sjå film. Ho seier at ho er oppteken, men han held fram. Ho føler at hovudtrenaren ikkje kjem til å ta dette seriøst, men tanken på assistenttrenaren påverkar prestasjonane hennar på banen.

CASE 8

Abdi går restaurant- og matfag, og er lærling på ein lokal restaurant. I starten verka sjefen hans berre som ei blid og hyggeleg dame, men no har ho begynt å ta kontakt med han på fritida. Ho sender han snappar og har begynt å gi han fleire kompliment om utsjånaden, også når dei er på jobb saman. Abdi ler det bort til kompisane sine, men ein dag han er på jobb, kjem ho inn på toalettet når han er der. Ho seier at ho berre vil ha litt åleinhetid med han. Abdi synest situasjonen er både ekkel og ubehageleg.